

ÅRSMELDING
«Teatret Vårt»

2000

INNHALD

Teatret Vårt 2000	side 3
Styret si årsmelding	side 4
Generalforsamling	side 4
Resultatrekneskap	side 6
Balanse pr. 31.12.00	side 7
Notar	side 8
Revisjonsmelding	side 10
Repertoar	side 11
Statistikk	side 15
Amatørteaterdrifta	side 16
Personalet ved Teatret Vårt	side 17

TEATRET VÅRT 2000

Teatret Vårt hadde i 2000 eit særst godt år. Styret og leiinga har fokusert på kostnadsstyring og nye budsjettrutinar. På den måten har det vore mogleg å auke aktiviteten utan å bruke meir pengar. Publikumstalet har også auka monaleg. Teatret Vårt hadde ein samla publikumsoppslutnad på 28 519 som er godt over det dei 20 000 som var målet. Av dei besøkande i 2000 var 14 993 publikum på turné. Det økonomiske resultatet er også gledeleg. Eit samla overskot på 1,94 millionar kroner gjer det realistisk å nå det krevjande målet om å få teatret gjeldfritt innan utgangen av 2002.

Styret og teaterleiing er svært nøgd med drifta i året som gjekk og vil framheve at teatret har makta å skape kunstnarlege resultat med høg profesjonell kvalitet i ei vanskeleg tid med knappe ressursar. Breidda i repertoaret har vore god, takka vere eit vekselbruk mellom eigenproduserte framsyningar, samproduksjonar og gjestespel. Dette er ei driftsform som teatret vil halde fram med.

Ho sikrar eit breitt og variert tilbod for publikum, og at framsyningane kjem regelmessig utover heile året. For eit lite teater som ikkje sjølv maktar å dekke heile året med eigenproduksjonar, er dette ein måte å sikre kontinuitet og mangfald.

Teater for barn og familiar

Repertoaret hadde i 2000 ein klar barne- og familieprofil. Hovudsatsinga på våren var Astrid Lindgrens *Karlsson på taket*, men også framsyningsserien *Eventyrreiser*, litteraturformidlingsprogrammet *BokaMi* og forjulsverkstedet *...og barnlige lyst* var retta inn mot barn og unge. *Karlsson på taket* og *BokaMi* skjedde óg i samarbeid med Kulturnista, kulturformidlingsprogrammet til Møre og Romsdal fylkeskommune.

Framsyningane

Året tok for alvor til med *Suppe på spiker* ei uhøgtideleg varieteframsyning med gestar og vener av teatret. Framsyninga blei ei inspirerende vitamininnsprøytning for heile huset og verka positivt utetter.

Monna Tandberg og Lars Andreas Larssen gjesta med framsyninga *Det er sant hvert evig ord* basert på Henrik og Suzannah Ibsen sitt samliv. Det var fulle hus og stor begeistring. Teatret sine egne skodespelarar laga mindre barneframsyningar under tittelen

Eventyrreiser. Dette tilbodet blei svært populært, men var også særst arbeids- og ressurskrevjande. I oppkøyringsperioden fram mot premieren på Karlsson viste det seg umogleg å halde fram med slikt dobbeltarbeid.

Skodespelar Erik Ulfsby har tidlegare framført *Kontrabassen* av Patrick Süskind.

Framsyninga blei gjeve 11 gonger ulike stader i Møre og Romsdal denne våren. Dette var eit framifrå stykke teaterarbeid, ei fortelling om sjølvutlevering og sjølvbedrag, full av menneskelege lengsler og tru på kjærleiken.



Karlsson på taket: Lars Funderud Johannessen og Erik Ulfsby

Karlsson på taket hadde premiere i Ålesund 16.

mars i Parken kulturhus.

Teatersjef Carl Morten

Amundsen var instruktør og

Even Børsum scenograf. Dette

vart ei frodig og morosam fram-

syning som både publikum

og presse sette stor pris på.

Publikumstalet

blei 14 124. Astrid Lindgren sitt univers har stor gjennomslagskraft i forhold til både

vaksne og barn. Det er underholdande og populært, men det er samstundes også stor

litteratur. Framsyningane i Ålesund og Molde var alle lagde ut i ope sal, storparten

av turnéen skjedde i regi av Kulturnista. Teatret Vårt gjesta 32 av 38 kommunar i

fylket med framsyninga, og til saman blei det avvikla 64 framsyningar.

Lieselotte Holmene gjesta teatret i juni med *Jeg prokrastinerer, gjør du?*, eit populært gjestespel om kvinner i overgangsalderen, ei fram-

syning som skulle peike fram mot det større gjestespelet Holmene skulle ha på seinhausten med *Vaginamonologene*.

I løpet av sommaren blei to mindre festivalproduksjonar laga i samband med Jazzfestivalen og Bjørnsonfestivalen. Det var *Fidels øy*, eit slags teatervorspiel til Buena Vista Social Club og deira utandørskonsert, med songar og tekstar frå Cuba og *Vi lever 25 minutter for sent* basert på tekstar av multikunstnaren Kurt Schwitters.

Oleanna av David Mamet opna haustsesongen. Erik Ulfsby debuterte som regissør, Milja Salovaara var scenograf. Framsyninga gjekk på prøvesalen, men har sidan vore spela i auditorium og klasserom på høgskolar og vidaregåande skolar. Framsyninga er eit tett og samspela skodespelarstykk som fekk god mottaking av publikum og presse. Dette er skodespelarprestasjonar på høgt nivå, og regiarbeidet vitnar også om talent. *Oleanna* står på repertoaret ut 2001.



Lykkeland: Erik Hivju

Neste ordinære premiere var *Lykkeland* av Andreas Markusson. Regien var ved Terje Strømdahl og scenografien ved Liv Anne Øveraas. Framsyninga blei ein kunstnarleg suksess, men publikum uteblei dessverre. Litt i overkant av 2 500 tilskodarar er for lite for ein folkekomedie. Publikum stilte opp i Molde, men publikum svikta på turnéen. Verst gjekk det i Ålesund der teatret satsa på heile 6 framsyningar. Årsaka til det sviktande besøket er vanskelege å seie noko om. Mange faktorar kan her spele inn, men det var nok eit problem at stykket var ukjent for folk flest. Med *Lykkeland* gjesta teatret Trondheim og innleidde med det eit samarbeid med Trøndelag Teater som skal halde fram i åra som kjem. Så kom Svein Tindberg og *Apostlenes gjerninger*. Dette var noko folk i fylket ville sjå. 11 framsyningar for 3 661 menneske var resultatet.

Eve Enslers *Vaginamonologene* med Lieselotte Holmene kom til Møre og Romsdal etter premiere og speleperiode i Bergen. 11 framsyningar for 881 tilskodarar.

Året blei avslutta med opne hus i teatret under adventstida under tittelen *...og barnlige lyst*. Her var det juleverkstad for barn, eventyrstunder, små framsyningar og song var mellom aktivitetane. Eit særst populært tiltak. I tillegg til framsyningane som her er kommentert, avvikla teatret 16 framsyningar av *Den fyrste song* av Edvard Hoem frå 1999.

Samandrag av statistikken:

	2000	1999
Framsyningar:	227	218
Publikum:	28 519	20 271

STYRET SI ÅRSMELDING

Selskapet

AS Regionteatret i Møre og Romsdal har som formål å drive teaterverksemd i Møre og Romsdal fylke. Selskapet sitt forretningskontor er i Molde kommune.

Generalforsamling

Generalforsamling i AS Regionteatret i Møre og Romsdal vart halden i Teaterhuset Forum 24. mai 2000.

Tilstades var:

Leon Aurdal fullmakt
Møre og Romsdal fylkeskommune

Bitten Linge fullmakt
Molde kommune

Leif Lagesen fullmakt
Noregs ungdomslag, Møre og Romsdal

Elles møtte:

Elen Lein styreleiar
Heidi Løkkingholm styremedlem
Vivi Sunde styremedlem
Sigmund Harneshaug revisor
Carl Morten Amundsen teatersjef
Reidar Høidal adm.sjef
Rolf-Inge Pedersen info.leider

Rekneskap og årsmelding vart samrøystes vedteke. Generalforsamlinga tok til etterretning kven som var oppnemnde som styremedlemmer.

Styret

Styret hadde i 2000 elleve styremøte og handsama i alt 65 saker.

Styret hadde slik samansetjing:

Som representantar frå staten:

Elen Lein	styreleiar
Gunnar Hals	styremedlem
Heidi Løklingholm	styremedlem
Arild Hervik	styremedlem
Alf Kristian Lillebo	1. varamedlem
Liv Stette	2. varamedlem

Som representantar frå Møre og Romsdal fylkeskommune:

Ottar Brage Guttelvik	styremedlem
Aud Folkestad	varamedlem

Som representantar frå Molde kommune:

Per Kåre Trengereid	nestleiar
Lars Oltedal	varamedlem

Som representantar for dei ansatte:

Vivi Sunde	styremedlem
Halvard Fiksdal	varamedlem/ observatør

Representasjon

Stiftelsen Bjørnsonfestivalen:

Styremedlem Vivi Sunde

Stiftelsen Ålesund Teaterfestival:

Styremedlem Randolph Walderhaug

AS Reknesparken Sommerteater:

Styreleiar: Reidar Høidal.

Halvard Fiksdal (varamedlem)

Norsk Teater- og orkesterforening:

Varamedlem i styret: Elen Lein

Arbeidsmiljø og organisasjon

Organisasjonsgjennomgangen som starta hausten 1999, har halde fram i 2000. Alle tilsette har teke del i arbeidet.

Organisasjonsarbeidet vil bli fullført i 2001.

Arbeidsmiljøet har vore godt.

Det totale sjukefråværet i år 2000 har vore 0,6 årsverk. Det er ikkje rapportert om skadar eller andre ulykker.

Teatret si verksemd ureinar ikkje det ytre miljø.

Økonomien i selskapet

Teatret Vårt hadde i år 2000 eigeninntekter og tilskott på til saman kr 18 624 000.

Tilskott utgjorde 15 390 000, fordelt med kr 10 773 000 frå stat, kr 2 308 500 frå Møre og Romsdal fylkeskommune og kr 2 308 500 kr frå Molde kommune.

Driftsresultatet var på kr 1 663 000 som i hovudsak skuldast ein stor reduksjon i driftskostnadane på i overkant av 4 millionar kroner og noko høgare inntekter i høve til fjoråret. Resultat totalt for år 2000 på kr 1 941 000 skuldast i tillegg netto finanskostnader på kr 110 000 og eit sal av ein bustad som gjev eit positivt resultat frå ekstraordinære postar med kr 388 000. Resultatet er tilført eigenkapitalen.

Teatret Vårt hadde ved utgangen av 1999 eit akkumulert underskott på kr 3 571 000. Det akkumulerte underskottet ved utgangen av 2000 er på kr 1 630 000. Eigenkapitalen er negativ med kr 1 080 000.

Kulturdepartementet hadde ingen merknader til at Teatret Vårt tok opp lån med nedbetalingstid på tre år. Dette vert godkjent i brev av 2. mai. Den 10. mai ga departementet teatret dispensasjon frå regelen om at driftsunderskot eitt år må dekkjast inn i neste budsjettår (Jfr. St. prp nr. 1/1998-99). Denne dispensasjonen blei stadfesta av Stortinget i samband med handsaminga av revidert nasjonalbudsjett.

Det gode resultatet for året gjev styret ei styrka tru på at ein skal greie resultatkrava om å gjenopprette eigenkapitalen på kr 550 000 fram til utløpet av år 2002.

Langsiktig lån er på kr 2 487 000. Selskapet har ein god likviditet ved utgangen av år 2000.

RESULTATREKNESKAP

		2000	2000	1999
	NOTE	Rekneskap	Budsjett	Rekneskap
I Driftsinntekter				
Billett- og programsal	2	2 697 503	2 186 000	1 719 322
Andre inntekter		536 520	908 000	904 767
Driftstilskott		15 390 000	15 390 000	15 536 908
Sum driftsinntekter		18 624 023	18 484 000	18 160 996
II Driftskostnader				
Kostnader arbeidskraft	3, 4, 5	9 892 683	10 415 000	13 860 409
Materialkostnader		444 345	414 000	548 865
Sal- og informasjonskostnader		570 143	470 000	563 152
Andre driftskostnader		2 440 788	1 931 000	2 555 275
Kostnader lokale		1 753 877	1 809 500	1 676 206
Kostnader turne		1 482 500	1 710 500	1 570 941
Vedlikehold og ombygningskost.		31 069	37 000	4 836
Utstyrskostnader		45 368	36 000	6 627
Avskrivningar		300 000	300 000	268 600
Sum driftskostnader		16 960 773	17 123 000	21 054 910
III Driftsresultat		I 663 249	I 361 000	-2 893 914
IV Finansielle postar				
Finansinntekter		116 093	20 000	22 692
Finanskostnader		226 280	202 500	161 372
Resultat av finansielle postar		-110 187	-182 500	-138 680
V Resultat før EOP		I 553 062	I 178 500	-3 032 594
VI Ekstraordinære postar				
		0	0	0
Ekstraordinære inntekter	6	387 831	0	367 355
Ekstraordinære kostnader		0	0	180 000
Resultat av ekstraord. postar		387 831	0	187 355
VII Resultat		I 940 893	I 178 500	-2 845 239

BALANSE pr. 31.12.2000

	NOTE	2000	1999
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler	8	1 240 161	1 421 958
Depositum		5 500	5 500
Leigebuarinnskot Skrenten		0	65 400
Stiftelsen Bjørnsonfestivalen		10 000	10 000
Stiftelsen Ålesund Teaterfestival		3 000	3 000
Stiftelsen Shwittersdagene		5 000	0
Aksjar Rekneparken Sommerteater	7	115 000	115 000
KLP		57 777	57 777
Sum anleggsmidler		1 436 438	1 678 635
Omløpsmidlar			
Andre kortsiktige fordringar		327 125	21 539
Depositum, leigebuarinnskot		13 609	25 403
Debitorar		33 344	725 742
Kasse, bank		2 219 136	507 543
Sum omløpsmidlar		2 593 214	1 280 227
SUM ANLEGGSMIDLAR OG OMLØPSMIDLAR		4 029 651	2 958 861
Eigenkapital			
Aksjekapital	9	550 000	550 000
Akkumulert underskott		-1 629 998	-3 570 891
Sum eigenkapital		-1 079 998	-3 020 891
Langsiktig gjeld			
Lån Fokus bank		2 486 824	333 260
Avantor Sponsoravtale		100 000	200 000
Sum langsiktig gjeld		2 586 824	533 260
Kortsiktig gjeld			
Kassakreditt		0	2 824 244
Kreditorar		986 082	467 440
Anna kortsiktig gjeld		134 230	512 508
Skuldig feriepengar m.m.		837 195	921 519
Skuldig offentlege avgifter		565 317	720 781
Sum kortsiktig gjeld		2 522 825	5 446 492
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		4 029 651	2 958 861

NOTAR

Note 1: Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er satt opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk for små foretak. Disse rekneskapsprinsipp er brukt: Variabel tilverkingkost for eigentilvirka varer, FIFO-metoden for tilordning av anskaffelseskost for ombytelege finansielle egedelar, lågaste verdi prinsipp for marknadsbaserte finansielle omlaupsmidlar, forsikra pensjonsforpliktingar er ikkje balanseført - kostnadene er lik premien. Leigeavtalar er ikkje balanseført.

Note 2: Billettinntekter/programsal

	Billett	Program
Kafeteater	64 875	10 059
Den fyrste song	164 650	1 880
Lykkeland	286 521	
Hedda Gabler	700	
Karlsson på taket	919 239	
Vaginamonologene	123 100	
Prinsen og pryleguten	600	
Suppe på spiker	33 725	
Det er sant hvert evig ord	51 650	
Kontrabassen	53 800	
Eventyrreiser	13 070	
Jeg prokrastinerer, gjør du?	30 450	
Oleanna	128 005	
Fiedels øy	6 100	
Vi lever 25 min for sent	12 750	
Apostlenes gjerninger	775 920	
...å barnlige lyst	20 407	
Sum	2 685 563	11 939

Note 3: Godtgjersle

For perioden 01.01.00 til 31.12.00 er det utbetalt honorar til styret med kr. 71 142,-. Løn til teatersjef kr. 456 038,-.

Revisor har motteke følgende godtgjersle for ordinær revisjon kr. 20 000,- og kr. 4 000,- i konsulent honorar.

Note 4: Lønskostnader

Note 5:

	2000	1999
Løningar	7 305 982	11 120 155
Arbeidsgivaravgift	996 101	1 355 199
Pensjonskostnader	490 071	563 807
Andre ytingar	1 100 529	821 326

Pensjonsforpliktingar

Ordinær tenestepensjon

Teateret Vårt har ordinær tariffesta tenestepensjonsordning dekkja gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse. Ytingane går fram av tariffavtalen i kommunal sektor og dei, tilfredstiller kriteria for den såkalla "multiemployerplan" ved at den aktuarmessige risikoen er delt mellom selskapa, kommunane og fylkeskommunane som deltek i ordninga. I tråd med internasjonal praksis for slike Multiemployerplanar er den rekneskapsførte årlege pensjonskostnaden i 2000 lik påløpt (netto) pensjonspremie. Framtidige utgifter vil bli påverka av risikomessige over- eller underskott på nåverande og tidligare tilsette ved Teatret Vårt og i andre kommunar/foretak som inngår i ordninga. Utgiftene vil også være påverka av avkastning, lønsvekst og utviklinga i grunnbeløpet i folketrygda.

AFP

I tillegg til den ordinære tenestepensjonsordninga kjem ytingar i form av avtalefesta pensjon til aldersgruppene frå 62 til 66 år. AFP før 65 år dekkjes på pay-as-you-go basis gjennom ein utlikningsordning der alle arbeidsgivarar innanfor den enkelte arbeidsgivarorganisasjon betaler same tilskott i prosent av pensjonsgrunnlaget. Ordninga tilfredstiller kriteria til å bli kalla ein Multiemployer plan fordi den inneheld utlikningsordning av risiko mellom alle foretaka, kommunane og fylkeskommunane som deltar i ordninga. I tråd med internasjonal praksis for slike Multiemployer - planer er den regnskapsførte årlege pensjonskostnaden i 2000 lik det faktiske tilskottet. Tilskottet av 0,7 % av pensjonsgrunnlaget i 2000.

Dei berekna forpliktingar knytte til framtidige AFP pensjonen med påslag for arbeidsgjevaravgift utgjær kr 958.000.

AFP etter 65 år er dekket med same tilskott i prosent av pensjonsgrunnlaget for alle arbeidsgivarar uavhengig av arbeidsgivarorganisasjon, og inngår i den (netto) påløpne pensjonspremie som tidligare omtalt.

Note 6: Ekstraordinære inntekter

Netto gevinst ved sal av bustad på kr 387 831 er ført under posten ekstraordinær inntekt.

Note 7: Aksjar og andeler

Reknesparken Sommerteater AS

Aksjekapital kr. 540 000,-.

AS Regionteatret i Møre og Romsdal sine aksjer i selskapet utgjør:

Antall aksjar	115
Pålydande verdi	kr. 1 000
Oppført i balansen	kr. 115 000

Note 8: Varige driftsmidler

Anleggskostnader 01.01.00 + tilgang i året

Anleggskostnader 01.01.00 3 439 649

+ tilgang i året 118 203

Anleggskostnader 31.12.00 3 557 852

Tidligere avskrivningar 2 017 692

Årets avskrivning 300 000**Bokført verdi 31.12.00 1 240 160****Note 9: Aksjar og aksjonærer**

Selskapet sin aksjekapital er på kr. 550 000,- fordelt på 275 aksjar á kr. 2 000,-.

Aksjonærer er:

Møre og Romsdal fylkeskommune,
132 aksjar;Molde kommune;
132 aksjar,Norges ungdomslag, Møre og Romsdal,
11 aksjar.

Molde den 22. mai 2001

Elen Lein
styreleiarPer Kåre Trengereid
nestleiar

Ottar Brage Guttelvik

Heidi Løklingholm

Gunnar Hals

Arild Hervik

Vivi Sunde

Carl Morten Amundsen
teatersjef

Sigmund Harneshaug Statsautorisert revisor

Postboks 53
6401 Molde

Telefon: /1 21 84 47
Telefax: 71 25 19 09
Telefon: 71 21 82 00 – hovedkontor
E-post: sigmund.harneshaug@molde.kommune.no
Revisornr.: 962 517 951

Til
Generalforsamlinga i AS Regionteatret i Møre og Romsdal

Sted/dato

Molde, 22/5-2001

REVISJONSMELDING FOR 2000


Eg har revidert årsrekneskapen for AS Regionteatret i Møre og Romsdal for rekneskapsåret 2000 som syner eit årsoverskot på kr 1 940 893. Eg har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegg til bruk av overskotet

Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap, balanse, opplysningar i notar. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret og dagleg leiar for selskapet. Min oppgåve er å vurdere og uttale meg om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Eg har utført revisjonen i samsvar med revisorlova og god revisjonsskikk. God revisjonsskikk krev at eg planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken og treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimater, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av forvaltninga av formua og rekneskaps- og internkontrollsystema i selskapet. Eg meiner at revisjonen min gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Eg meiner at:

- ♦ årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit uttrykk for selskapet si økonomiske stilling 31. desember 2000 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapskikk.
- ♦ leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med god rekneskapskikk.
- ♦ opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og om forslaget til bruk av overskot er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.


Sigmund Harneshaug
Statsautorisert revisor

STATISTIKK 2000

Produksjon	Framsyingar	Publikum	For barn og ungdom	
			Framsyingar	Publikum
Den fyrste song	16	1381		
Suppe på spiker	1	275		
Det er sant hvert evig ord	3	526		
Kontrabassen	11	563		
Eventyrreiser	5	340	5	340
Karlsson på taket	64	14 124	64	14 124
Jeg prokrastinerer, gjør du?	2	227		
BokaMi	19	1149	19	1149
Fidels øy	2	105		
Vi lever 25 minutter for sent	4	256		
Oleanna	24	1324		
Lykkeland	34	2545		
Apostlenes gjerninger	11	3661		
Vaginamonologene	11	881		
...og barnlige lyst...	6	524	6	524
Kaféteater	12	378		
Dagfinn Lyngbø Live	2	260		
Sum	227	28 519	94	16 137

Framsyingar og billettinntekter

Publikum	28 519
Framsyingar	227
Billettinntekter	2 685 563
Gj.snitt inntekt pr.bill.	94,17

Totale driftsinntekter- og utgifter

Eigne inntekter	3 234 022
= prosent av totale driftsutgifter	19,06

Tilskott

Staten	10 773 000
Møre og Romsdal fylkeskommune	2 308 500
Molde kommune	2 308 500
Andre tilskott	0
Samla tilskott	15 390 000

Fast tilsett personale

Teatersjef/administrasjon/marknad	8
Skodespelarar	3
Teknisk personale	7
Amatørteateravdeling	1
Totalt fast tilsette	19
Utgjer 17 heile stillingar	

Deltidstilsette

I tillegg til dei fast tilsette var det engasjert tilsaman 77 personar på deltid i løpet av året.

REPERTOAR 2000

Den fyrste song

Eller: Evas pilegrimsferd
Eit mysteriespel av Edvard Hoem

Musikk: Sigvald Tveit
Regi og bearbeidelse: Daniel Bohr
Musikalsk ansvarleg: Sigvald Tveit
Scenografi: Arne Nøst
Koreografi: Johanna Zwaig
Kostymegjenbruk og -design: Åshild
Mjåseth og Gerd G. Austens
Lokalinstruktør: Eldrid Karin Larsen
Inspisient: Bjørn Kalvatsvik
Dekorasjon: Leif Rosvoll og Mathias
Hammerø
Scenemeistrar: Bergliot Rørvik og Mathias
Hammerø
Lys: Sture Haugen og Finn Landsperg
Lydteknikar: Frode Hermansen (Molde
Forum)
Prosjektleiari: Mette Mjelve

Medverkande:
Ane Dahl Torp
Christian Greger
Thomas Ruud
Ingeborg Hungnes
Johanna Zwaig



Den fyrste song: Christian Greger og Ane Dahl Torp

Orkester:
Christine Goedecke/Erling With Aasgård,
Lars Sitter/Stian Rødskjær Hansen,
Tor Ytterdal/Bjørn Ole Solberg

Framsyningar: 16
Den fyrste song hadde urpremiere 31. oktober
1999 og vart spela 28 gongar i 1999.



Suppe på spiker

Suppe på spiker

Kabarettframsyning på Hotel Alexandra med
skodespelarane ved Teatret Vårt og gjestar.

Medverkande:
Lars Andreas Larssen
Mari Maurstad
Bjarte Hjelmeland
Marit Adeleide Andreassen
Anders Mordal
Kjersti Elvik
Erik Ulfsby
Gøril Haukebø
Randolf Walderhaug
Vivi Sunde
Christian Greger
Ane Dahl Torp
Lars Funderud Johannessen
Anna Guttormgaard
Johanna Zwaig

Piano:
Per Christian Revholt

Konferansier:
Carl Morten Amundsen

Framsyning: 1

Det er sant hvert evig ord

basert på Henrik og
Suzannah Ibsen sitt
samliv

Regi: Edith Roger

Medverkande:
Monna Tandberg
Lars Andreas Larssen



**Det er sant hvert evig ord:
Monna Tandberg og
Lars Andreas Larssen**

Framsyningar: 3

Gjestespel

Kontrabassen

av Patrick Süskind

Omsett av: Bernhard
Ramstad
Regi: Trond Birkedal
Scenografi: Gunnar
Fretheim

Medverkande:
Erik Ulfsby

Framsyningar 11



Kontrabassen: Erik Ulfsby

Eventyrreiser

Eventyrprogram for barn laga av teatrets kunstneriske personale

Medverkande:

Gøril Haukebo
Vivi Sunde
Christian Greger
Ane Dahl Torp
Lars Funderud Johannessen
Anna Guttormsgaard

Framsyningar 5



Karlsson på taket: Erik Ulfsby og Lars Funderud Johannessen

Karlsson på taket

av Astrid Lindgren

Dramatisering: Mats Huddén
Musikk: Geir Holmsen
Oversatt av: Carl Morten Amundsen

Regi: Carl Morten Amundsen
Scenografi: Even Børsum
Interiørarkitekt/maler: Liv Anne Øveraas
Inspisient: Bjørn Kalvatsvik
Lyssetting: Finn Landsperg
Kostymeproduksjon: Åshild Mjåseth og Gerd G. Austnes
Scenemeister: Mathias Hammerø
Rekvisitør: Bergliot Rørvik

Musikar: Lindsay Winfield-Chislett
(Møremusikarane)

Medverkande:
Erik Ulfsby
Lars Funderud Johannessen
Vivi Sunde
Christian Greger
Ane Dahl Torp
Anna Guttormsgaard
Gøril Haukebo

Framsyningar: 64
Premiere: 16. mars 2000 i Parken kulturhus, Ålesund

Jeg prokrastinerer, gjør du?

etter Cesilia Hagen
Dramatisering: Irene Lecomte og Lieselotte Holmene
Med: Lieselotte Holmene
Gjetsespel frå Marjateatret



Jeg prokrastinerer, gjør du?: Lieselotte Holmene

Framsyningar: 2

BokaMi

Litterært program for skolen i samarbeid med fylkeskommunen. (Kulturnista).

Med:
Lars Funderud Johannessen
Vivi Sunde
Anna Guttormsgaard

Framsyningar: 19

Fidels øy

Regi: Carl Morten Amundsen
Musikar: Zdzislaw Lech
Medverkande:
Anna Guttormsgaard

Framsyningar: 2
Premiere: 17. juli under Molde Internasjonale Jazzfestival

Vi lever 25 minutter for sent

framsyning basert på Kurt Schwitters diktning

Tekstar: Kurt Schwitters
Idé, opplegg og omsetjing: Vivi Sunde
Instruktør: Carl Morten Amundsen
Med: Vivi Sunde
Musikk: Knut Ivar Bøe og Ingunn Linge Valdal



Vi lever 25 minutter for sent: Knut Ivar Bøe, Vivi Sunde og Ingunn Linge Valdal

Framsyningar 4

Premiere: 10. august 2000 under MoldeMerz på Hjertøy i Molde



Oleanna: Randolph Walderhaug og Ane Dahl Torp

Oleanna

Av: David Mamet
Regi: Erik Ulfsby
Scenografi: Milja Salovaara

Medverkande:
Ane Dahl Torp
Randolf Walderhaug

Framsyingar 24
Premiere: 19. august 2000

Lykkeland



Lykkeland: Ane Dahl Torp, Erik Hivju og Randolph Walderhaug

Av: Andreas Markusson
Regi: Terje Strømdahl
Manuskriptutvikling: Kjetil Bang-Hansen og Carl Morten Amundsen
Scenografi: Liv Anne Øveraas
Lyssetting: Finn Landsperg
Maskør: Hege Sky Mokkelbost
Systove: Åshild Mjåseth og Gerd G. Austnes
Inspisient: Bjørn Kalvatsvik
Rekvisitør: Bergliot Rørvik
Scenemeister: Svein Larsen
Sceneteknikar: Mathias Hammerø
Sufflør: Liv Kålås Koppang

Medverkande:
Erik Hivju
Gøril Haukebø
Vivi Sunde
Ane Dahl Torp
Kaare Kroppan
Randolf Walderhaug

Framsyingar: 34
Premiere: 28. september 2000 i Teaterhuset Forum, Molde

Apostlenes gjerninger

Forestillar: Svein Tindberg
Regi: Kjetil Bang-Hansen
Scenografi: Helge Hoff Monsen



Apostlenes gjerninger: Svein Tindberg

Framsyingar: 11

Vaginamonologene

av Eve Ensler
Omsett av Anne B. Ragde
Regi: Bjarte Hjelmeland
Med: Lieselotte Holmene



Vaginamonologene: Lieselotte Holmene

I samarbeid med Marjateatret

Framsyingar 11

...og barnlige lyst...

Ope hus med samansette program for barn og familiar. Juleverkstad og ulike aktivitetar.

Framsyingar 6



... barnlige lyst

Dagfinn Lyngbø Live

Med: Dagfinn Lyngbø

Framsyingar 2

Kaféteater og andre arrangement

18. mars *"Gudsbilder i 2000 år"*. Lysbildeforedrag med professor dr.theol. Geir Hellemo. I samarbeid med Molde Kirkeakademi.
20. mai *"Brevet frå Marta"* Ei vandring i Marta Schumanns fotspor. Av Gøril Haukebø.
2. sept. *"Til debatt!"* Teatret inviterte til diskusjon og samtale om framsyninga *"Oleanna"*.
16. sept. *"Vi lever 25 minutter for sent"*
Framsyning vist på Romsdalsmuseet.
30. sept. *"Ola og Mariann"*
av Hartvik Kiran
20. okt. *"Hurtigruten til norsk litteratur"*
Ved skuespiller Erik Hivju.
Framført ombord i M/S Vesterålen ved kai i Ålesund
11. nov. *"Kunst som krystallisasjon"* Ved dr.tehol Paul Nome. Pianist Kjersti Nome. I samarbeid med Molde Kirkeakademi.
25. nov. *"Bokbøsten 2000"*
I samarbeid med Dahl*Libris.

Framsyningar 12

AMATØRTEATERDRIFTA - KURSAVDELING

Amatørteateravdellinga har hatt redusert aktivitet grunna sykdom. Frå 1. juni har arbeidet vore utført med ei 20% stilling.

Oppgåvene har vore mange og omfattande. Det har blitt laga ein utstilling over tidlegare produksjonar, utleige av kostyme, rekvisita, lys og manus. Avdelinga har gitt instruksjon, kurs og rettleiing til amatørteater og lag, samt andre interesserte.

Samarbeid med kulturskulane

Teatret Vårt, Norsk Kulturskuleråd og Høgskulen i Volda vil i samarbeid byggje opp den faglege kompetansen for teaterfaget i kulturskulane i Møre og Romsdal. Målet er å kunne innby til eit 10 vekttal studium i teater og drama.

Landets kulturskular har gjennom målretta arbeid oppnådd å bli eit lovfesta tilbod i alle kommunar. I utgangspunktet har musikkfaget stått i fokus i denne prosessen, og det har blitt bygd opp ein musikkfagleg kompetanse som er unik i europeisk samanheng. Fleire kunstfag skal inn i Kulturskulane, og det tek tid å byggje opp ein tilsvarende kompetanse. Det er viktig å knytte det profesjonelt utøvande kunstmiljøet til kulturskulen. Å oppleve profesjonell formidling er grunnleggjande i alt arbeid med kunstfaga, og Teatret Vårt er i den samanhengen ein viktig ressurs for teaterfaget i kulturskulane. Desse tre institusjonane kan på kvart sitt vis ivareta dei ulike aspekta ved ei profesjonell formidling. Vi vil kunne følgje opp intensjonar som er lagt i til dømes "Broen og den blå besten" der Kulturdepartementet og Kyrkje-

utdannings- og forskningsdepartementet legg føringar for å styrke samarbeidet mellom profesjonelle kulturinstitusjonar og lokalmiljøet

Desse er med i styringsgruppa:

Teatret Vårt

· Carl Morten Amundsen, teatersjef

· Mette Mjelve, prosjektleiar

Høgskulen i Volda

· Sigrun Meisingset, lektor i drama/teater

Jugendteateret

· Olla Rypdal, dagleg leiar

Vestnes Musikk- og kulturskule/Norsk

Kulturskuleråd i Møre og Romsdal

· Elsa Rypdal, rektor

Kursa

Vi har prioritert eit rikholdig kurstillbod innan faga i teaterproduksjonen. Våre kurslærarar har hatt høg kompetanse innan faget sitt. Tilbodet skulle i første omgang gå til lærarar i musikk- og kulturskulane i Møre og Romsdal, som ein forsmak på kva som kunne vente dei ved eit studium, 10-vekttal teater og drama. Vi har hatt ein del lærarar, men det har og vore stor interesse blant medlemmar i amatørteatermiljøet, kunstnarar og andre.

· Kurs i skodespelarteknikk:

Samarbeidsprosjekt med

Gapskrattfestivalen 2000 i Tresfjord 13.-

15. juli. Kurslærer: Anne Krigsvoll:

11 deltakarar.

· Kurs i regi: Molde, 15. og 16. september

2000. Kurslærer: Terje Strømdahl:

28 deltakarar.

· Kurs i lysdesign: Molde, 27. - 29. oktober

2000. Kurslærer: Kristin Bredal.

21 deltakarar.

UTLÅN

Utlån	1996	1997	1998	1999	2000
Teknisk	30	30	40	20	12
Kostymer	40	50	70	50	40
Manus	110	125	130	105	72

FYLKESREGIONALE KURS DEI SISTE FEM ÅRA

Kurs	1996	1997	1998	1999	2000
	8	0	4	0	3

PERSONALET PÅ TEATRET VÅRT 2000

Skodespelarar:

Randolf Walderhaug	fast tilsett
Vivi Sunde	fast tilsett
Gøril Haukebø	fast tilsett
Ane Dahl Torp	heile året
Erik Hivju	frå 01.08 – 30.11.
Kaare Kroppan	frå 01.08. – 30.11.
Erik Ulfsby	frå 01.01. – 31.05.
Thomas Ruud	frå 01.01. – 31.01
Anna Eline Guttormsgaard	frå 01.01. – 18.07.
Lars Funderud Johannessen	fra 01.01. – 31.05.
Christian Greger Strøm	frå 01.01. – 09.05.
Johanna Zwaig	frå 01.01. – 31.01.

Teknisk:

Bjørn Kalvatsvik	inspisient
Mathias Hammerø	verkstad
Leif Rosvoll	verkstad (til 17.11.)
Bergliot Rørvik	rekvisitør
Finn Landsperg	lysmeister
Svein Larsen	scenemeister (vikar frå 01.08.)
Åshild Mjåseth	leiar systove
Gerd G. Austnes	systove

Administrasjon:

Carl Morten Amundsen	teatersjef
Reidar Høidal	administrasjonssjef (til 30.10.)
Halvard Fiksdal	produsent
Borghild Rosvoll	rådgiver/salgsleiar
Rolf-Inge Pedersen	informasjonsleiar
Oddbjørg Heggdal	billettsekretær
Trond Betten	billettsekretær
Eldrid Karin Larsen	amatørteaterleiar/sufflør
Mette Mjelve	marknadsleiar/kurskoordinator
Mary Farstad	administrasjonskonsulent
Evy Johannessen	administrasjonssekretær

Totalt faste/deltidstilsete 96.